

Velkomen til Nordvesten 2016

Det er berre nokre veker att til Nordvesten 2016. Nordfjordeid skulekorps og Eid musiklag ønskjer alle deltakarar velkomne til Operahuset Nordfjord 29. oktober. Gode musikantar treng både mat og drikke, og vi treng difor nokre tilbakemeldingar frå korpsa innan 14. oktober.

Lunsj

Det vert rikhaldig kiosk i Operahuset under heile arrangementet. I tillegg serverer vi varm lunsj med lasagne, salat og brød til dei korpsa som bestiller det på førehand. Måltida vert tilpassa speletidene. **Pris for lunsj vert 140 per person.**

Kveldsarrangement laurdag kveld

Etter konkurransen er det tid for å treffe hyggelege korpsvener og samlast i sosialt lag. Vi ønskjer velkomen til Festkonsert, premieutdeling, middag og dans frå kl 18.00 laurdag kveld.

Festkonsert og premieutdeling vert i Kultursalen i Operahuset. Etter inspirerende musikk frå unge talent frå Nordfjord høpervi at flest mogeleg vert med på fest og moro med kjekke korps.

Middagen vert enkel buffet med varm og kald mat og dessert i foajeen i Operahuset. Etter kvart vert det dans med Cool Valley All Star Band. Dei er eit coverband med Ole Telvik på bass og vokal, Leif Telvik på trommer, Dan Åsebø på gitar og Atle Oen på gitar og vokal. Dei spelar låtar du likar, vi likar og vi alle likar, anten du vil danse, synge med eller berre trampe takta.

Låtar av Bruce Springsteen, Johnny Cash, The Band, Eric Clapton, Rolling stones, Bob Dylan, Creedence, Hank Williams, Elvis Presley, Dire Straits, John Prine og Hellbillies står på programmet.

Pris for middag og dans er 450 kroner per person. Vi treng påmelding med tal deltakarar inn 14.10.2016.

Arrangementet er ope for korpsmedlemmar under 18 år, men korpset må gje oss ei oversikt over kven dette er og ha ein ansvarleg person.

Vi lovar ein triveleg kveld i lag med kjekke korpsfolk uansett resultat i konkurransen.

Påmelding innan 14.10.2016

Send oss oversikt over kor mange som ønskjer lunsj og/ eller festkveld på epost nordfjordeid.skulekorps@gmail.com innan 14.10.

Spørsmål?

Ta kontakt med Magni Hjertenes Flyum, tlf 934 22 756